

# -Æ va' så ibeit for blåfarg'-

Av Torgeir T. Garmo

-Ansgar, -eg meinte å hugse at denne akvamarinen var mykje større?

Ansgar såg ned og ville liksom ikkje svara.

Eg har kjent Ansgar i mange år, heilt sia han jobba som driftsingeniør hjå Furuholmen og leidde konstruksjonen av det fokuserande bylgjekraftverket på Rong i Øygarden. Med ujamne mellomrom kom han til Lom der han var gamal ven med familien Sørungård, og ofte dukka han også opp på Steinsenteret med spennande mineralfunn frå anlegg der ingen andre hadde sett sin fot.

Da han trefte Ragnhild, slo han seg ned saman med henne på garden hennar i Valnesfjord. Ingen andre eg kjenner er i nærleiken av frukostbordet til Ragnhild, så det er ikkje rart at dette fort vart ein fast stopp på dei mange turane nordover.

Ansgar er kunstnar og har i tiår laga av dei flottaste steinmosaikkane eg kjenner frå vårt land. Etter kvart slutta han på anlegg og tok levebrød som potetbonde og biletkunstnar. Helst brukte han berre stein han sjølv hadde funne, og det var artig å sjå på korleis han med stor flid knuste steinen ned og separerte ut dei ulike fargane. Timebetalinga låg godt under ingeniørløn, og det kunne stundom bli knapt av enkelte farger. Dei fleste av mosaikkane sine selde Ansgar lokalt, serleg gjekk det mange til ein kafe på Straumen.

På slutten av 80-talet vart E6 nordover frå Fauske utvida og lagd i tunnellar. Rett nord for Daudmannvik strekkjer ein flik av grunnfjellet seg heilt ned til sjøen, og her vart bom-stasjonen plassert på ein utjamna tipp mellom to tunnellar. Det vart raskare, men svine dyrt å køyre til Straumen, så når kafeverten måtte ha ny forsyning av kunst, fann han og Ansgar ut at dei like gjerne kunne møtast her og ta mosaikkane over bak bua.

Ein gong Ansgar var veldig tidleg ute, parkerte han og kleiv ned tippurda mot sjøen. Det nede låg ein diger, grøn amazonitt, og med mykje slit fekk Ansgar han opp til kanten og bikka han inn på plassen. Med det same han rulla over enste han på ein lang, blå krystall på undersida.

Med ivrige hender fekk han snudd steinen rundt att og lyfta han inn i bilen: Det var ein himmelblå, slank akvamarinkrystall på nesten 20 cm !

Eg fekk sjå krystallen ved neste besøk: Det meste av amazonitten hadde for lengst gått inn i produksjonen, nå kvilde akvamarinen på ei smal seng av amazonitt og clevelanditt. Nesten heile krystallen var fasettklar og utruleg vakker, kanskje den finaste eg har sett i vårt land.

Eg turde ikkje eingong å spørja om å få kjøpe han ...

Ansgar- tok eg opp att: -Kan eg mishugse meg så jælma ?-

Ansgar nølte litt til, så kikka han litt brydd opp: -Æ va' så ille ibeit for blåfarg'-

## Deler for steinsag selges rimelig.

Aksel med lager, reimskiver  
og klemskiver.

Sagblad 80 cm, brukt til betongsaging.

Motor 2 kW, 3 faset, uten starter.

Skal til Eidsfoss 15-17 juli.

Ring hvis interesse

Einar Fivelsdal.

Røsslyngveien 12. Ålesund

Tlf.: 70 14 12 08